

Referat fra styremøte søndag 27. april 2014 kl. 21.00 – 23.00.

Møtet ble holdt som telefonstyremøte.

Deltakere: Arnfinn Beito, Anders Svare, Anne Kari Veikleeng, Ellen M. Sørungård Syse, Bjørn Even Stenberg og Pål Kjørstad. Tore Krogsveen hadde meldt forfall.

Sakliste:

Sak 27/2014: Referatsaker

- a) Foredrag på medlemstur 29/03 for Snertingdal -, Søndre Land – og Nordre Land Sau og Geit, Pål.
- b) Møte på Vinstra 03/04 angående samordning av FKT-midler, kombinert med møte om beredskapsplan rovvilt med FM, N-Fron kommune, prosjekter og landbruksorganisasjonar, Arnfinn og Pål.
- c) Foredrag på medlemsmøte i Fåberg – og Gausdal Sau og Geit 07/04, Pål.
- d) Møte Statens Hus, Lillehammer 11/04 i prosjektet Effektiv skadefelling, Arnfinn. Nytt møte er bestemt den 14/5. Styret bestemte at Arnfinn Beito går inn som fast medlem i prosjektgruppen i staden for Pål Kjørstad, som møter som vara.
- e) Oppdatert styre- og administrasjonsendringar i Brønnøysundregisteret.
- d) Vedtak om tilskot frå FKT-potten på kr. 250.000,- til Oppland Radiobjøllelag.
- e) 3 kvalpar er teke ut etter vedtak om hi-uttak av jervyngling i Storfjellet i Ringebu.
- f) Møter i nær framtid: Møte m/SNO mellom 5. og 9/5, e-post og artikkel på heimesida på dette er lagt ut med ønskje om attendemeldingar frå brukarar av SNO/rovviltkontaktar i Oppland.
Møte i Gausdal 21/5 vedrørende Langsua Nasjonalpark, e-post og artikkel på heimesida for beitebrukarar i området med oppfordring om å møta opp.

Sak 28/2014: Varsel om beitenekt for 23 beitebrukarar i Oppland

Mattilsynet har varsla beitenekt for 2015 for 21 beitebrukarar i jervsona og 2 beitebrukarar utanfor jervsona med gjennomsnittstap på 10% eller meir dei 3 siste beitesesongane. Desse har fått svarfrist og handlingsfrist, og nokre av dei har bede fylkeslaget om hjelp.

13 av dei har meldt frå og bekrefta at dei har fått brev etter oppmoding frå OSG og andre: Dette gjeld 5 frå Dovre, 4 frå Lesja, 1 frå Vågå, 1 frå Ringebu og 2 frå Øystre Slidre. Det har kome innspel på at fylkeslaget samlar inn moment frå dei einiskilde og skriv eit felles brev til Mattilsynet i saka. Brevet må bl.a. innehalda: Beiteretten i forhold til pålegg frå Mattilsynet m/uttale frå advokat, beiterett i forhold til beitetid/sanketid (stadig kortare beitesesong), kva

anna skadevoldar enn jerven gjer skade i jervsona og kva skadevoldar dei enkelte har fått erstatta etter, dominoeffekten – kva skjer med andre beitebrukarar og generelt heile beitenæringa i Oppland dersom desse 23 må gje opp?

Vi veit ikkje kven alle dei 23 er, og i veit heller ikkje om alle vil ha hjelp. Men vi reknar med at dette vert sett på som positivt og styret i OSG vil gjera ein innsats for å finna dei 10 siste. Ellen sjekkar m/landbrukskontoret og Anders sjekkar m/Mattilsynet. Pål tek kontakt og varslar Mattilsynet om at OSG vil innlemma seg inn i saka.

Alle 23 vert bedne til møte med styret i OSG på neste styremøte på Otta den 5. juni for å koma vidare med saka og planleggja kva vi skal gjera og stå for.

Sak 29/2014: Rovviltutfordringar beitesesongen 2014

Her vart beredskapen, tiltak og innspel diskutert.

Det vart vedteke å halda fram tiltaket vi har gjort på heimesida. Heimesida vert oppdatert i eige artikkel, «Freda rovvilt 2014», som til kvar tid ligg øvst på nettsida, kvar gong relevante rovviltmeldingar tikkar inn frå ymse hald. Det må arbeidast for at medlemmer og andre får visst dette, og sendar inn. Alt er ikkje like viktig, men summen av alt er svært viktig og vil dersom vi lykkast illustrera utfordringa vår godt på dette temaet. Dette vil skapa ei meir interessant og meir besøkt heimeside og vil vera eit oppslagsverk og dokumentasjon for både beitebrukarar og forvalting. Styret foreslo at faglaga i Oppland og FM i Oppland kunne vera med å spleisa på kostnadane, der vi sendar ein førespurnad innan 26/5 til FM, OB og OBS om dei kan dekkja kostnadane med m/maks kr.10.000,- kvar.

Som innspel til nemnda foreslo styret:

Ein akuttpost på kr. 10.000,- frå FKT-potten til kvar kommune må vera på plass før beitesesongen til dekking av arbeid rundt ulv og bjørneangrep. Dermed veit alle at ekstraordinært arbeid ved slike angrep vert dekkja. Dette aukar motivasjonen også blant beitebrukarar, da vi kan få dekt utgiftene våre til tilsyn utanom pålagt tilsyn via landbrukskontora i kommunen.

Alle hjelpemiddel som laus hund, hundehjelp frå Hedmark og helikopter må nyttast for å ta ut overflødig rovvilt både før og i beitesesongen. For 2014 ser det ut som vi gjerne skulle ha gjort ein slik innsats på ulv og jerv aller helst nå før beitesesongen startar.

Vakt-tlf til FM skal i sommar vera betjent frå kl. 08.00 – 22.00. Styret i OSG vil spørja FM om å få gehør for at næringa får svar utanom opningstida dersom vi ringar frå eit avtalt nr. Dette medfører at vi som beitenæring må stressa beitebrukarane til å gå den vanlege tenestevegen, beitebrukar-beitelag-kommune/fylkeslag.

Brev med ymse innspel til Rovviltnemnda i forkant av møtet 15/05 vart diskutert. Det vart lagt fram eit forslag som vart retta litt på. Innspelet skal gå til rovviltnemnda og fylkestinget i Oppland, der OB og OBS vert spurt om dei vil vera med på.

Sør-Fron 27/4 2014, Pål Kjørstad, sekretær.

Innspelet kjem under:

TIL FYLKESTINGET OG ROVILTNEMDA I OPPLAND.

Uttale frå årsmøtet i Oppland Sau og Geit:

«Beiteprioriterte områder – en bløff

I likhet med resten av landet, er Oppland delt inn i rovdyrprioriterte og beiteprioriterte områder. Beitedyra skal ha fortrinnsrett i beiteprioriterte områder. Dette er en stor bløff! Rovdyra har i praksis størst prioritert på hver eneste kvadratmeter av fylket, både i innmark som i utmark.

Rovviltforliket sier klart at skadevoldere i beiteprioriterte områder skal tas ut.

Beitebrukerne har erfart det motsatte i årevis. 60% av dokumentert tap til freda rovvilt i 2013 skjedde, ifølge FM i Oppland, i beiteprioriterte områder. Freda rovvilt kan fritt herje i beiteprioriterte områder i år etter år uten å bli fjernet. I stedet blir vi tvunget fra yrket vårt om sommeren for å dokumentere og jakte på rovdyr i den tiden det er vanskeligst. Dette er selvfølgelig også det rovviltforvaltningen ønsker. Det er på tide at vi tar styringen selv!»

Tankar og fakta inn i ny beitesesong:

Vi ser nå med stor uro på den beitesesongen som snart skal starte. Ulv blir jamt observert over heile fylket. Vi har pr. i dag ein jervbestand som ligger langt over bestandsmålet. 1 dokumentert yngling, 2 antatte ynglingar, 7 lokalliterar med aktivitet og 2 lokallitetar med liten aktivitet vil seia ein folkeleg gjetta bestand på dobbelt av det vi skal ha i Oppland.

Nå kjære politikarar må ord gjerast om til handling. Dere kan ikkje nå sitte roleg å sjå på att Norges største og mest velorganiserte utmarksbeitefylke går ein ny blodig beitesommar i møte og sitter igjen med bruket rygg hausten 2014.

21 beitebrukarar i jervsona og 2 beitebrukarar i prioriterte beiteområder har nå fått brev frå Mattilsynet om mulig beitenekt våren 2015. Vi ser nå att byråkratiet sakte men sikkert et opp fleire hundre års gamle rettigheter, som vi har opparbeida oss gjennom generasjonar. Var dette tanken da rovviltforliket ble underskrevet?

Nå kjære politikarar må dere ta tilbake styringa og sette MD på plass. Vi stemte på dere i den tru att dere skulle styre Oppland, og ikkje for at dere skulle gi makta over til noen som faktisk ikkje har lest sin egen stillingsinstruks.

Vi krev nå att MD gir SNO de fullmakter de trenger for å ta ut all ulv i Oppland før snøen blir borte og beitedyr slippes på beite. All jervyngling i beiteprioriterte områder og yngling som kan påføre beitedyr store lidingar skal tas ut før beitesesongen.

O.S.G. krev nå at dere gjer jobben vi har vald dere til å gjera. Ta tilbake demokratiet og sett MD og Klima og Miljødepartementet på plass.

Ta grep nå før beitebrukarar tek loven i egne hender, og vi får tilstander lik den vi nå ser i Hedmark.

Øystre Slidre, 27/04 2014

Arnfinn Beito, leiar OSG